Øystre Slidre kommune

Reguleringsplan for frigiving av kulturminna på Raubrøtmoen industriområde

planID 201904

Planføresegner vedteke i kommunestyret i sak 51/19 den 29.08.2019

1 Område for bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

1.1 Næringsbebyggelse (I2-I3)

a. På områda kan det førast opp bygg for lett industri- eller handverksverksemd med tilhøyrande kontor, lager og garasjeanlegg. Vidare kan det førast opp bygg for forretningsverksemd som driv detalj- eller engrossal av «bearbeidde» produkt.
b. Området kan delast etter dei behov dei ulike verksemdene har, men likevel ikkje slik at det blir att restareal av for liten storleik eller med for dårleg arrondering til å utnyttast for ei sjølvstendig eining. Parsellane skal ha regelbunden form og ha tilkomst direkte til samlevegen gjennom planområdet.
c. Saman med delings- og byggeløyve skal det sendast inn plan for utnytting av parsellane. Planen skal vise eksisterande og framtidig terreng, bygg, vegetasjon, vegar, parkerings- og lagerareal.
d. Maksimalt tillate bebygd areal (BYA) av bygg er 40 %. Utandørs opparbeidde biloppstillingsplassar kjem i tillegg.
e. Maksimal mønehøgd over gjennomsnittsnivået av det planerte terrenget rundt kvar bygning er 15,0 m.
f. Grunneigar av området aust for I2 skal ha rett til framkøyring av tømmer over I2, med lett utstyr.

2 Bestemmelsessoner (PBL § 12-7, nr.6)

2.1 Sikre verneverdier i bygningar, andre kulturminne, og kulturmiljø (#1-3)

Sonene med nemningane #1, #2 og #3 gjeld automatisk freda kulturminne, kolgroper med id. 88191-1, 212533-1 og 212533-2. Dei angitte kolgropene kan fjernast utan ytterlegare arkeologiske undersøkingar.